



Referat frå årsmøte 2015

Volda Turisthotell 17.02.2016 kl 1900 -2150

Frammøtte ved møtestart: 27 medlemar , av desse 23 medlemar med stemmerett

1. Opning, godkjenning, val av møteleiar og referent

Årsmøtet opna med eitt minutt stillheit for medlem Alise Aarseth som har gått bort sidan siste årsmøte.

Innkallinga blei godkjent. Saklista med foreslåtte endringar i nummerrekkefølge for avviklinga av årsmøtet og innlagt pause i årsmøtet pga. orientering frå Stefan Halck i Volda kommune, blei godkjent. Inge Innerdal blei valt til møteleiar og Bjørn Osdal til referent.

2. Årsmelding frå styret

Årsmeldinga for 2015 blei opplest av Bjørn Osdal.

Det blei påpeika til årsmeldinga at styret i 2015 hadde engasjert profesjonell rekneskapsfører og revisor, Eivind Opsal AS, utan omsyn til at siste årsmøte hadde valt anna revisor mellom medlemane (Trond Lillebø). Det blei føreslått at årsrekneskapan for 2015 blir lagt fram for valt revisor i etterkant for vurdering og godkjenning.

Årsmøtet godkjende årsmeldinga, med nemnde merknad, einstemmig.

3. Rekneskap for 2015

Eivind Opsal presenterte årsrekneskapan for 2015. Revisjon blir foretatt som det går fram i punkt 2 over. Likviditeten i lager er god. Opsal hadde nokre innvendingar mot rekneskapan slik den har blitt ført tidlegare. Han opplyste også at småbåtlaget etter reglane må momsregistrere seg.

Rekneskapan for 2015 blei einstemmig godkjend.

4. Budsjett for 2016

Bjørnar Sæterås presenterte styret sitt framlegg til budsjett for 2016.

Årsmøtet hadde ingen merknader til budsjettet.

5. Fastsetting av hamneavgift

Det var ingen innmelde framlegg til endring av hamneavgift

6. Innkomne saker

Sak 6.1. Frå styret. Framlegg om tillegg i vedtektene § 4:

«For at vedtektsendring skal vere gyldig, må minst 15 medlemmar vere tilstades»

For: 23 Mot: 0

Vedtak i årsmøtet: Framlegget om tillegg til vedtektene § 4 er vedtatt

Sak 6.2. Frå styret. Framlegg om tillegg i vedtektene § 6:

«Misnøye med eit styrevedtak kan ankast inn for årsmøtet»

For: 23 Mot: 0

Vedtak i årsmøtet: Framlegget om tillegg i vedtektene § 6 er vedtatt

Sak 6.3. Frå styret. Framlegg om tillegg i vedtektene § 9:

«Alle medlemmar i Volda Småbåtlag har i utgangspunktet plikt til å møte når der er tillyst dugnad. Kan ein ikkje møte, bør ein, om mogleg, sende nokon i staden. Passar ikkje tidspunktet, kan ein få tildelt ei oppgåve og ta ei ykt på eiga hand. Medlemmar som ikkje har møtt på nokon dugnad eller stilla med vikar, kan, når året er omme, bli fakturert for eit passande dugnadsgebyr vedtatt av styret. Medlemmar som ikkje er arbeidsføre pga. dårleg helse eller høg alder, slepp dugnadsgebyr»

For: 22 Mot: 1

Vedtak i årsmøtet: Framlegget om tillegg i vedtektene § 9 er vedtatt

Sak 6.4. Frå styret. Framlegg om tillegg i vedtektene § 10

«Styret kan bestemme bytte av båtplass for einskildmedlemmar når dette er nødvendig for å få kabalen med båtplassar til å gå opp. Aktuelle grunnar kan td. vere botntilhøve, utriggarlengde, manøvreringsvanskar. Omfordelinga skal gjerast så smidig som råd og om mogleg som frivillig ordning. Kan ein ikkje bli samde, skal styret gjere eit vedtak»

For: 20 Mot: 2

Vedtak i årsmøtet: Framlegget om tillegg vedtektene § 10 er vedtatt

Sak 6.5. Frå styret. Framlegg om endring i vedtektene § 12A.

Avsnitt om tilsyn mm. blir fjerna og tatt inn i punkt 8 i Reglement for bruk av hamneanlegga.

For: 22 Mot: 0

Vedtak i årsmøtet: Framlegget om fjerning av avsnitt om tilsyn mm. frå vedtektene § 12A til punkt 8 i Reglement for bruk av hamneanlegga er vedtatt.

Sak 6.6. Frå Jonny Sollid. Primært framlegg om endring i vedtektene § 10 ved fjerning av tekst.

«Medlemer som takkar nei til kjøp av båtplass vert ståande på plassen sin på ventelista»

For: 22 Mot: 0

Vedtak i årsmøtet: Framlegget om endring i vedtektene § 10 ved fjerning av tekst er vedtatt.

Ettersom primært framlegg om fjerning av av tekst blei vedtatt, blei subsidiært framlegg «Medlemer som takkar nei til kjøp av båtplass vert ståande på plassen sin på ventelista inntil 5 år» ikkje tatt opp til røysting.

7. Val

A. Valnemnda sitt framlegg til styreleiar for eitt år, Inge Innerdal, blei vedtatt einstemmig ved akklamasjon

B. Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemar for eitt år, Eivind Opsal og Bjørn Daniel Brudevoll, blei valt einstemmig ved akklamasjon. Dette etter førehandssjekk og opplysning frå styreleiar om at styremedlem utan fast båtplass kan velgast inn i styret ettersom vedtektene ikkje utelukkar dette.

C. Valnemnda sitt framlegg til ny varamedlem i styret for to år, Einar Rostad, blei valt ved akklamasjon.

D. Valnemnda sitt framlegg til vedlikehaldsnemnd for Rotsethamna, Arne Ullaland og Lennart Haugen, blei valt ved akklamasjon. Valnemnda sitt framlegg til vedlikehaldsnemnd for Sentrumshamna, Jon Rønnestad og Knut Innselset, blei valt ved akklamasjon.

E. Valnemnda sitt framlegg til valnemnd, Jon Haraald Sandblost, Jostein Aasen og Stian Meek, blei attvalt ved akklamasjon.

Volda 22.02.2016

Inge Innerdal

leiar

Bjørnar Sæterås

kasserar

Bjørn Osdal

skrivar

Asbørn Tore Humberset

styremedlem